

Å gje naturen ei stemme

Benedicte Maurseth står att med berre det som er naudsynt.

SAMTIDSMUSIKK



BENEDICTE MAUR-
SETH:

Mirra

BENEDICTE
MAURSETH,

HARDINGFELE; HÅKON MØRCH
STENE, VIBRAFON, TROMMER,
PERKUSJON, GITAR OG ELEKTRO-
NIKK; MATS EILERTSEN, BASS OG
ELEKTRONIKK; MORTEN QVE-
NILD, TANGENTINSTRUMENT OG
ELEKTRONIKK.
HUBRO

Mirra er ei vidareføring av den kritikarroste plata *Hárr* (2022), både musikalsk og med økosofien som ligg i

botnen. Medan *Hárr* delvis hadde eit tilbakeskodande perspektiv, tematiserer Benedicte Maurseth med *Mirra* det akutte trugsmålet menneskeleg aktivitet representerer for villreinen på Hardangervidda. *Mirra* er eit dialektuttrykk for sirkelrørslene til reinflokkane, som har som formål både å verna dyra mot rovdyr og at dei held varmen.

Musikalsk er *Mirra* eit minimalistisk meistarverk. Tittelkuttet og «Sommarbeite» er inspirert av amerikansk minimalisme, mellom anna Terry Reilly eller noko av det ein finn på Miles Davis-plata *Big*

Fun (1974), men hardingfela går som ein klangleg blå tråd gjennom heile produksjonen og set eit Maursethsk bumerke på produksjonen.

Bruken av feltopptak, spesielt av reinen, understrekar tematikken. I den dynamiske «Dagar med vind» skapar Maurseth, Mats Eilertsen og Håkon Mørch Stene ei dramatisk forteljing som går over i den idylliske gitar og fele-duetten «Kalven reiser seg». På «Nysnø over reinlav» spelar Qvenild eit særmerkt pianokor før heile dyrehagen av truga dyreartar får sleppa til, mellom andre snøugle, fjellrev, jerv og heilo. Plata tonar ut med den meditative, men dramatiske «Simleflokk under månen».

Benedicte Maurseth er ein av dei mest særmerkte og mangslungne kunstnarane me har. Boka og framsyninga *Systerspel* representerer éi side. Med *Mirra* har ho teke nok eit steg både som komponist, instrumentalist og orkesterleiar. Klar kandidat til årets plate!

LARS MOSSEFINN

Lars Mossefinn er frilans journalist og fast jazzmeldar i Dag og Tid.



Benedicte Maurseth tematiserer trugsmålet som menneske representerer for villreinen på Hardangervidda. Foto: Agnete Brun

Mellom tradisjonstruskap og personleg utforming

Ein 81-åring debuterer med dobbel-CD og podkastserie.

FOLKEMUSIKK



EINAR
ØVERBY

humoristiske forteljingar, og alvorlege tankar rundt tyil og og organisasjonar i tinn